



Gudbrandsdalsmusea inspirerer nåtid og framtid

årsrapport 2021




**VI TEK VARE PÅ KUNNSKAP
OM FORTIDA OG VÅR
NÅTID FOR MENNESKA I
FRAMTIDA.**

Lesja bygdemuseum – Presthaugen Lom bygdamuseum – Jutulheimen Vågå bygdamuseum – Norsk fjellsenter – Gudbrandsdal krigsminnesamling – Dale-Gudbrands gard – Pilegrimssenteret – Ringeby stavkyrkjeutstilling – Stavkyrkjesenteret i Lom – Otta bergverkssenter – Einbustugu – Bygningsvern – Villreinløypa – Ullinsvin – Opplandsarkivet avd. Dombås, Skjåk, Vågå, Midtdalsarkivet – Folkemusikkarkiva Nord-Gudbrandsdal, midt- og sør-Gudbrandsdal



året **2021**

Ivrige skuleungar plukkar
poteter under Lomseggen.



«Gudbrandsdalsmusea

- skaper verdier med og for den Gudbrandsdalske kulturarven!»

Rapportåret 2021 vart året da vi levde med pandemien ved sidan av det daglege virket. Frå full nedstenging på nyåret vart det opna stadig meir utover vår og sommar, fram til fullt frislepp i oktober. Gleda vart kortvarig, og i starten av desember vart det på ny sett inn strenge tiltak. Kulturarv og kulturhistorie syner relevansen sin også i pandemitid. Gudbrandsdalsmusea har verksemd i 9 kommunar, og små avdelinger på kvar stad. Planleggingsarbeid og samhandling er meir utfordrande når ein ikkje kan treffes. Sommaren vart avvikla med gode tilbod ved alle publikumsretta avdelinger. Digital formidling og aktivitet på sosiale medier blir også vore nytta stadig meir aktivt. Det vart også lagt opp til fleire fysiske møteplassar i dei periodene dette var mogleg. Nokre av desse tiltaka er nyskapingar som vi vil ta opp att på når det er greitt.

Nye mål for musea

Den nye museumsmeldinga lanserte nye mål for musea i Noreg. På overskriftsnivå er generelle målsettingar:

- Solid kunnskapsprodusent
- Relevant formidling
- Helhetlig samlingsutvikling
- Trygg ivaretaking
- Aktiv samhandling

Gudbrandsdalsmusea har teke inn over seg desse målsettingane, og dei er innarbeidd både i strategisk plan og tiltaksplanar. Graden av måloppnåing vil variere med ulike tiltak – vi har eit breitt virke i regionen. Men i kombinasjon med eigne strategiske mål og i samhandling med eigarar og medaktørar er desse med og formar verksemda.

Kompetanseheving

For å nå betre fram til det digitale publikummet vårt, satsa vi i haust på **fotokurs** for dei tilsette. Der lærte vi å filme og redigere videoar til bruk i sosiale media. Det vart og halde **kurs i Instagram** med innleiarar som gav gode grunnprinsipp for deling av bilete og video, kombinert med erfaringsdeling frå Synne Grosberg me insta-suksessen «kulturminneridalen.»

Formidling og publikum

Lesja Bygdemuseum har ein god auke i besøket sommaren 2021 i høve året før. Presthaugen i Lom er framfor alt brukt av barn og unge, men også mange eldre som har gode opplevingar her i dette flotte friområdet tett på sentrum. Både for fastbuande og tilreisande til Lom er Presthaugen rekreasjonsområde der kulturarven kjem tett på. Jutulheimen i Vågå har stabilt besøk til arrangement, og Ullinsvin er også godt besøkt, men litt ned frå opningsåret i 2020 da både kunstnarar på den aller øvste kjendishylla og nyheitens interesse var med og trekte solid opp.

Publikum til kyrkjeutstillingane både i Ringebru og Lom har tradisjonelt vore utlendingar, samt gruppereisande med buss. Både desse gruppene fall for ein stor del bort i 2020, og vart delvis erstatta av ein større andel nordmenn og individuelt reisande. Nivået held seg omtrent uendra frå 2020 til 2021.

Talet på pilegrimar har vore sterkt veksande dei siste åra frå mot pandemien. Ein hovudandel av pilegrimsvandrarane i normalår kjem frå utlandet. Nordmenn har i nokon grad erstatta bortfall av utanlandske vandrarar, og ein opplever ein liten auke siste året i høve 2020.

Det samla fysiske besøket til Gudbrandsdalsmusea er litt aukande samanlikna med tala frå 2020. Digitale besøk blir viktigare for kvart år, og vi får mange tilbakemeldingar på god synlegheit i så måte. Samla sett er vi stolte over aktivitetsnivå og publikumsbesøk under rådande omstende.

Gudbrandsdalsmusea arbeider kontinuerleg med å skape arenaer og tilbod som gjer det mogleg å auke eiga inntening gjennom billettar og sal. I Vågå fekk vi dette til i samarbeid med mange andre aktørar i kultursenteret Ullinsvin. Det gjev meining for oss å bidra med kulturhistoriske element i sommarprogrammet i kultursenteret Ullinsvin – den gamle prestegarden i bygda. Fleire av arenaene til Gudbrandsdalsmusea er i samråd med eigarane våre ein del av den kulturelle infrastrukturen i dalen, og anlagt slik at dei har samfunnsmessige plussverknader utan at det er ønskeleg eller mogleg å ta ut billettinntekter på alle opplevingsmål.

Avdeling	2020	2021
Friluftsmusea i Lom, Vågå og Lesja	15 338	13 963
Kyrkje, kyrkjeutstillingar Lom, Lesja, Ringebru	14 199	13 878
Spesialutstillingar, inkl. Norsk Fjellmuseum	33 442	33 479
Opplandsarkivet samla	877	956
Anna fagleg arbeid	2 628	5 472
Sum	66 484	67 748

Arkiv- og samlinger

Fysisk besøk ved arkivavdelingane er stabilt, medan førespurnader og engasjement digitalt er aukande. Mange av brukarane her er godt vaksne, og endringene har nok for ein stor del direkte samanheng med pandemi og åtvaringar og delvis forbod mot fysiske besøk. Men vi trur også at digital vekst vil halde fram når pandemien er over. Det er lågare terskel på å besøke arkiva digitalt, og når det kan skje frå eigen heim med stadig betre trur vi trenden vil halde fram.

Det kjem stadig inn nye arkiv med interessant materiale. Når det gjeld samlingane er det framleis mykje arbeid med innflytting i nytt magasin i Vågå. Magasinrommet fungerer svært godt, og oppbevaringstilhøva er gode og trygge. Samlingane til fjellmuseet i Lom er gjennomgått i løpet av året, og vart i oktober flytta til eigne dedikerte hyller i magasinet i Vågå. Også på Lesja foregår det eit kontinuerleg arbeid med samlingene. Arkiv- og samlingsmedarbeidarane koordinerer arbeidet gjennom fleire møtepunkt både digitalt og ved samlinger.

Samlingsobjekt	2020	2021
Papirarkiv hyllemeter	651	661
Papirarkiv antal	1432	1478
Film og video antal arkiv	548	682
Lydarkiv antal	4555	4666
Kulturhistoriske bygningar	48	48
Historiske foto	178788	228397
Dokumentasjonsfoto	39357	41594
Kulturhistoriske gjenstandar	12239	13097

Samlingane til Gudbrandsdalsmusea – totalt



Kulturhistoriske gjenstandar funne rundt Hundorp frå utstillinga «Solrenning» på tusenårsstaden. For papirarkiv, film, video og lyd er det vesentlege endringar i tala frå 2020 til 2021, og arkivarane arbeider kontinuerleg med å kvalitetssikre tala.

Ordning og registrering av både arkiv og gjenstandar skjer kontinuerleg, og tabellen under syner utviklinga i dette langsiktige arbeidet i 2021.

Samlingsobjekt	2020	2021
Papirarkiv hyllemeter	410	460
Papirarkiv antal	1248	1300
Film og video antal arkiv	459	500
Lydarkiv antal	4374	4418
Kulturhistoriske bygningar	48	48
Historiske foto	54759	65066
Dokumentasjonsfoto	6249	6651
Kulturhistoriske gjenstandar	9994	10941

Samlingane – ordna og registrert

Når arkiv og gjenstandar er ordna og registrert, har vi ein intensjon om å gjera samlingane tilgjengelege for publikum. Ein del materiale er klausulert slik at originalmateriale ikkje kan leggest på nett. Vi søker da å legge ut innhaldslistar over kva som finst i arkiva, slik at publikum kan oppsøkje desse. Digitaliserte foto og gjenstandar blir publisert i arkivportalen og Digitalt museum

Samlingsobjekt	2020	2021
Papirarkiv tilgjengeleg i arkivportalen	485	545
Film og video - kutt med info tilgjengeleg i arkivportalen	27	57
Lyd – samlingar med info tilgjengeleg i arkivportalen	0	4
Historiske foto –publisert på Digitalt museum	7937	9597
Dokumentasjonsfoto publisert på Digitalt museum	0	0
Kulturhistoriske gjenstandar på digitalt museum	6698	7738

Samlingane – digitalt tilgjengeleg

Samlingane er grunnlag for publisering av foredrag, artiklar, bøker og info i sosiale media. Vi har som mål formidle gode historier som ligg der, klare for å gje meining for folk i kvardag og fest.

Samarbeid og samfunnsrolle

Gudbrandsdalsmusea har sitt virke i samspel med eit levande kulturhistorisk miljø i dalen. Sommaren 2021 vart farga av det store 1000-årsjubileet på Hundorp. Vi hadde hovudansvar for ei ambisiøs gjenstandsutstilling, der om lag 40 sjeldne og verdifulle kulturhistoriske gjenstander vart henta attende frå Kulturhistorisk Museum for å vises fram i samband med jubileet.

På grunn av manglande tilgang på eigna lokaler vart utstillinga synt fram i ein eigenutvikla utstillingsconteinere. Det er strenge krav til sikringstiltak både mot innbrot og klimavariasjon, og dette løyste vi i eit godt samarbeid med Kulturhistorisk Museum. Utstillinga var elles produsert i samarbeid med eit godt knippe fagpersonar både lokalt og sentralt, og tiltaket vart vellykka.

Samarbeid med Maihaugen

Gudbrandsdalsmusea har eit godt samarbeid med Stiftelsen Lillehammer museum, Maihaugen. Den faglege utvekslinga går både vegar, og formelle samarbeidsavtaler ligg i botn. Samarbeid om samlingane våre i særleg grad relevant i og med at både musea dokumenterer kulturarven i Gudbrandsdalen.

Fagfolk frå både musea står i gjensidig kontakt i arbeid med innreiing, klimakontroll og flytting av gjenstandar. Rutinar ved inntak av gjenstandar og drift av magasin blir gjennomgått jamnleg.

Sosiale medier og samfunnskontakt

Gjennom ein rullerande turnus der tilsette i museet på skift publiserer i sosiale media, bidreg vi til jamt å formidle historier om kulturarv.

Heimesida vår har hatt ei stor auke siste året. 10 140 unike brukarar besøkte oss i 2021 og det er 2030 fleire enn i 2020. Vi har hatt 23 124 sidevisingar og det er ei auke på 4 079.

YOUTUBE – konto vart oppretta 2020.

SNAPCHAT – konto for folkemusikkarkiva i Gudbrandsdalen

FACEBOOK	Følgjarar 2020	Følgjarar 2021
Gudbrandsdalsmusea	2234	2 895
Pilegrimssenter Dale Gudbrand		334
Lesja Bygdemuseum	914	1109
Jutulheimen Bygdamuseum	508	701
Lom Bygdamuseum – Presthaugen	519	654
Norsk fjellsenter Lom	3348	3585
INSTAGRAM	840	1019

Nye grep og utvida målgrupper

Gudbrandsdalsmusea skal i blant ta nye grep i formidling av kulturarven. Med utradisjonelle vinklinger kan ein nå nye folk og gje dei informasjon dei ikkje visste at dei hadde interesse for.

For å løfte formidlingsarbeidet til museet vart Olav Tøfte tilsett ved museet, og med base ved Norsk Fjellsenter i Lom. Han er tilsett i samarbeid mellom museet (60%) og fjellsenteret (40%). Fleire formidlingsopplegg særleg retta mot unge er allereie gjennomført med svært gode resultat, og arbeidet fortsett med fornya kraft i 2022.

Nye formidlingsgrep mot nye målgrupper er også hovudtanken bak for med sommarturneen «Gråtassen og Gulleget». Konseptet starta sommaren i 2020, og gjennom aviser, radio og sosiale medier skapte turneen så stor merksemd at vi i år gjentok konseptet. Midt- og Sør-Gudbrandsdalen vart besøkt, med reiserute Skåbu, Espedalen, Gausdal, Lillehammer, Øyer, Skei og Gålå. Bedrifter og enkeltpersonar med kulturarv i ulike format er ein viktig fellesnemnar vart besøkt og omtalt både på sosiale og i trykte medier. Både vårt eige og andre sitt arbeid med opplevingar får fokus blant mange som elles ikkje er på nett med museet.

Nyskapingen «Vabisen, Gulleget og Gudbrandsdalsmusea i Vesterveg» følgde opp tanken gjennom ein turneen gjennomført i august 2021. Meir enn 1000 kilometer på vegen i løpet av ei veker reise. Ideen er også her å syne fram, fortelja om og gje honnør til gode medaktørar i kulturarvarbeidet. På Voss signerte vi samarbeidsavtale med Ole Bull Akademiet om felles innsats for den norske folkemusikken. Også denne turen fekk stor merksemd både i presse og sosiale medier.

VERKSEMD VED AVDELINGENE



BYGDEMUSEUM

Lesja Bygdemuseum

«Buskspel, kulturpris og potetlelse!»

Pandemien sette og i 2021 eit visst preg på året, men det har likevel vore mykje aktivitet og liv på bygdetunet! Sommarsesongen vart gjennomført på vanleg måte, med eit stort mangfald i husflids- og handverksaktivitetar, bakst og barneaktivitetar.

Aktivitetar i eldhuset på
Lesja bygdetun legg til rette
for rekruttering.

Og nytt av året var tre dagar med «buskspel»; levande musikk på tunet. Dette var ein stor suksess, og noko som absolutt freistar til gjentakning! Det vart i samarbeid med Venneforeininga arrangert sju historietimar med varierende tema; alt frå «Olavsråket», til doktorliv

og treskjæringskunst.

Husflidslaget sine barneaktivitetane på tunet kvar onsdag trekker fortsatt mykje folk. Lokale kjem gjerne på grunn av nettopp desse aktivitetane, og dei tilreisande som «tilfeldigvis» dukkar opp på dagar med barneaktivitetar, gjev klart uttrykk for stor begeistring over at ungane får vere med på «noko ekstra». I 2021 la vi frå museet si side enno betre til rette for «uorganiserte» aktivitetar for ungar, mellom anna ein eigen snikkarbod i tilknytning til handverksutstillinga. Dette viste seg å vere populært, for både små, men og for store. Det vart produsert eit utall trebåtar gjennom sommaren! Mating og kos med dyra på tunet, i 2021 representert ved to lam, to grisar og fire høner, er og veldig populært hjå den yngre garde.

I samband med Villreinløype-piloten i Lesja vart det sett opp nokre datoar for tur på Verket (Slådalen), etterfylgt av lunsj og omvisning i Villreinutstillinga på museet. Det vart dessverre noko dårleg oppslutning rundt fleire av desse turane, men gode erfaringar frå dei turane som vart arrangert, samt nokre testturar, vert tatt med vidare i arbeid og planlegging for 2022.

Barn og unge

Det har i løpet av året vore gjennomført nokre dagar med skuleformidling, både for ungdomsskuleklasse frå Lesja skule og for heile mellomtrinnet på Lesjaskog skule. Tema har i hovudsak vore jakt og fangst. Dagen med 9.klasse på Lesja vart gjennomført som ein testtur for Villreinløype-piloten i Lesja, med omvising på fangstanlegget Verket og opplegg her nede på museet etterpå. Mellomtrinnet på Lesjaskog hadde eit meir tverrfagleg opplegg, der både jakt, jordbruk og handverk vart integrert i programmet. I samband med dette vart og grønsakene frå kjøkenhagen hausta, og elevane avslutta dagen med fantastisk god grønsaksuppe kokt over bålpanne ute på tunet.

I forkant av sommarsesongen vart det laga tre nye utstillingar; «Velkome åt handverksgeilen», «Tru og lærdom» og «Lesja Historielag – 40 år ung kulturprisvinnar». Fyrstnemnte visar ein snikkarverkstad og ein skomakarverkstad, og skal stå oppe i fleire sesongar. «Tru og lærdom» var ei midlertidig magasinutstilling som viste fram ein liten del av den store boksamlinga vi har ved avdelinga. Utstillinga om Lesja Historielag var ei kombinert jubileumsutstilling og heider til laget som vart tildelt Lesja kommune sin kulturpris. Historielaget har vore ein heilt vesentleg aktør i etableringa og utviklinga av Lesja bygdemuseum, og det var stor stas å få vere med å feire og heidre laget med både utstilling og sjølve tildelinga av kulturprisen på Olsokkvelden!



Triveleg både for elevar og vaksne å avslutte ein innhaldsrik dag med sjølv laga grønnsaksuppe.

Jul på tunet

Etter nesten 2 år utan større arrangement grunna pandemien, var vi veldig glade for å kunne arrangere julemarknaden «Jul på tunet» att før jul i 2021! Med eit par små unntak vart årets julemarknad gjennomført over same lest til tidlegare år, og det vart ein triveleg og stemningsfull dag med flotte salsbodar, nissebesøk, julesongar, barneaktivitetar og julepynta tun og hus. Trass i at det skjedde mykje denne helga rundt om i bygda, og ein del nok er litt ekstra forsiktige no i forbindelse med pandemien, vart det veldig bra besøk.

Samlingsarbeid

KVA ER GJORT 2021

1. Jvf. oppfølging av magasinsjekk okt. 2021:
 - a. ble det for gi plass til Lesjas egne tekstiler besluttet å tilbakeføre 31 VHV-esker med tekstil til magasin Ullinsvin.
 - b. besluttet å overføre 25 lagerreoler fra Lom BM's magasin til bruk i Lesja sine magasiner
2. Altmuligrom i kjelleretasjen ble ryddet og nye reoler satt opp.
3. Klimakontroll gjennomført. Klima status quo.
4. Sjekk av registreringsrutiner gjennomført ved samlingsansvarlig.
5. Utlån av rekkeildsted til Røros museum for 1 år.

6. Gjennomgang og evt nyregistrering på Gl. magasin og Nytt gjenstandsmagasin fortsatte 2021.
7. Avtaler 2012-2019 som er funnet er sendt samlingsansvarlig, herav 18 skannet. Tilkopling til aksesjon i Primus gjenstår.
8. Avtaler 2020, 2021, skanning og tilkopling til aksesjon i Primus gjenstår.

Presthaugen, Lom bygdamuseum

«Godt besøk på vikingdagar med svært gode tilbakemeldingar»

Presthaugen er først og fremst eit mykje brukt område for bygdefolk og tilreisande til Lom, samt for skule og barnehage. Området er velegna til leik og som turområde. Husa i Presthaugen er fine kulisser, men det er ei utfordring å skape inntening.

I 2021 var husa opne kvar dag med unntak av måndagar frå 27. juni til 7. august. Publikum kunne vera med på mating av dyra kvar dag kl. 13.00, og Lom knipsarlag hadde utstilling av gamle bilete frå Lom.

Kvar onsdag var det temadagar med emnar som hesjing og ljåslått, vedlikehald av gamle hus, gamle handverksaktivitetar, ein gamaldags skuledag i Skulstugu, Olsokstemne med trekkspelkonsert med unge og eldre lokale spelemenn og utstilling av gamle kakejern.

Norsk Fjellsenter sto for vikingdagar for ungar ein dag i veka gjennom heile sommaren.

Samlingsforvaltning. Gjenstandssamlingene

KVA ER GJORT 2021?

1. Revisjon av samlingene ble startet etter avslutningen av revisjonen for NFJ i august 2021.
 - a. Alle tekstilobjekt er revidert for alle opplysninger i Primus, rengjøring, preventiv konservervurdert, tilstandsvurdert, fotografert og pakket
 - b. Alle ikkereviderte hylleobjekt er hentet fra magasin på Lom BM til NFJ for revidering.
 - c. 59 objekt, ca. 5 % av alle, er ferdig revidert inkl. rengjøring, preventiv konservervurdert, tilstandsvurdert, fotografert og pakket
 - d. Alle avtaler i dokumentarkivet er lagt til i tilhørende aksesjoner Primus
 - e. Alle krus, kanner, ambarar samt fast og løst inventar i Glømsmdalsstugu, seterstugu, husmannsstugu og Skolestugu, de 3 stabbure samt Olavsstugu er ferdigregistrerte olg rengjorte, preventiv konservervurdert, tilstandsvurdert, fotografert og ev. pakket.

Jutulheimen og Ullinsvin i Vågå



Frå utstillinga med Rakel Onsum Berg og Trygve Håkenstad

Utstillingar og aktivitetar

Året 2021 har vore prega av stor aktivitet både i arkiv, gjenstandsmagasinet og med sommaraktiviteter i Ullinsvin. Vi har sett opp eiga utstilling med Rakel Onsum Berg og Trygve Håkenstad. Vevnader og måleri vart lånt inn frå private, samt gjenstandar frå Lesja bygdemuseum. Utstillinga hadde stort besøk heile sommaren.

Låvetrevet er teke i bruk som permanent utstillingslokale, med større gjenstandar bl.a. jordbruksreiskap. Måsåtrevet er også teke i bruk, og har i sommar vore ein del av utstillinga i fjoset. Før sesongen vart det investert i utstillingsljós både på låvetrevet og på måsåtrevet.

Torsdagane var det musikk på tunet av folkemusikkarkivaren og kvar fredag var det kulturminnevandring frå Ullinsvin, via Jutulporten til Jutulheimen. Kvar onsdagskveld gjennom heile sommaren var det kveldsseto, noko som er ein stor suksess. Ymse kulturhistoriske tema, musikk med meir blir sett på plakaten i ein rikholdig sommarmeny. Både fastbuande og feriefolk finn stor glede i desse arrangementa.



Frå kveldsseto med tema plantefarging

Sikring og tilrettelegging

Det er i år ny gangveg frå Ullinsvin til Jutulheimen, dette for å binde plassane meir saman. Grishus og kvernhus er restaurerte og oppsett i bakken nedanfor tunet, langs gangvegen. Mange frivilljuge har vore med på rydding og reingjering samt snikring og brøyting. Utan dei frivilljuge hadde mykje låge på vent. Nytt servise til 100 personar er innkjøpt til bruk under utleie. Mange gjenstandar som før har stått i kalde hus er nå fløtt inn i det nye magasinet i Ullinsvin.

Ved Kveldsseto vart ulike historisk tema teke opp, fleire av desse knytte til utstillinga vår. Dette var trivelege kveldar som både besøkjande og dugnadsfolket sette stor pris på.

«Suksessen med Kveldsseto gjennom sommaren skal oss vidareføre i 2022.»

Samlingsforvaltning. Gjenstandssamlingene

KVA ER GJORT I 2021?

1. Aksesjoner 2021 er skannet, gitt filnavn og arkivert på Felles 61. Tilkopling til aksesjoner i Primus Gjenstår.
2. Magasinrapport av 17.09.2019 fulgt opp igjen 05.01.2021.
3. Sjekk av registreringsrutiner utført. Rapport utarbeidet 13.01.2021 og fulgt opp 12.03.21.

4. Det ble besluttet å tilbakeføre alle tekstiler p.t. lagret på Lesja BM. Budsjett med innkjøpsforslag for nye reoler er utarbeidet og sendt adm.
5. Klimalogger avlest.

OPPLEVINGSSENTER

Stavkyrkjeutstillinga Ringebru

«Tilnærma normal sesong»

Avdelinga har i samarbeid med Stiftelsen Ringebru Prestegard formidla relevante tema og utstilling i samband med bla. den kulturelle skulesekken. Utstillinga når eit breitt publikum. Gudbrandsdalsmusea har eit godt samarbeid med stiftinga Ringebru Prestegard og Ringebru Kommune.

Aktivitet

Avdelinga vart ramma av restriksjonane i samband med koronautbrotet. Ein missa ein god del bussgrupper, skulebesøk og utanlandske turistar. Likevel fekk ein gjennom gode smitteverntiltak og god informasjon gjennomført ein tilnærma normal sesong. Avdelinga hadde i året som gjekk eit totalt besøk på 8344 personar.

Gjennom 2021 har eit korps av omvisarar guida besøkande i utstillinga der historia til Ringebru Stavkyrkje, men også til dei andre stavkyrkjetradisjonen i heile Noreg, blir formidla.

Samlingar

GM si avdeling Stavkyrkjeutstillingen har gjenstandar innlånt frå Lillehammer Museum Maihaugen, KHM og frå private. Utstillinga fortel om bruken av kyrkja gjennom tekst, bilete og gjenstandar. Her er og ei avdeling som fortel meir om stavkyrkja i Ringebru og ei oversikt over alle stavkyrkjene i Noreg.

Samlingasarbeid

Samlingansvarleg har i 2021 følgt opp klimatilhøve ved avdelinga. Klimatilhøva er gode. Det har ikkje vore tilvekst ved avdelinga og ingen nyregistrering.

Utviklingsplanar

Avdelingsleiar har i 2021 delteke i styringsgruppa for utvikling av driftsbygning Ringebru prestegard, og har delteke i arbeidet med å sjå på moglegheitene til å få realisert eit besøksenter tilknytt Ringebru stavkyrkje.

Sikringsarbeid

I alt har utstillinga 95 gjenstandar utstilt, og 85 av desse er innlånte, dei fleste frå kulturhistorisk museum og frå Stiftelsen Lillehammer museum, Maihaugen. Med verdifulle kulturhistoriske gjenstandar, for ein stor del frå før reformasjonen, gjer sikring ekstra viktig.

I 2021 er samlinga, klima og sikring gjennomgått og justert slik at dei er i tråd med avtale med eigarane av gjenstandane. Sikringstilhøva er gode, men ein bør få på plass betre brannsikring. Det er ikkje tilvekst av gjenstandar i 2021.

I samband med arbeidet med eit besøkscenter for Ringebu Stavkirke ser ein på moglegheiter for å få inn utstillinga der.

Stavkyrkjeutstillinga Lom

«Hardt råka av pandemien»

Bortfallet av utanlandske turistar og bussturisme forklarar dropp i besøkstalet i år. Når både utlendingar og norsk bussturisme stoppa opp gav det konsekvensar for interessa for stavkyrkjene. Litt ufrivillig kan ein seia at dette er i tråd med ønskje om fornying av utstillinga, og med tiltak i sikringsplan der senteret er foreslått stengt til tiltak kjem på plass. Dette har ikkje vorte prioritert i år. Objekta blir tekne godt vare på, med oppdaterte klimatiltak og reingjering.

Krigsminnesamlinga på Kvam

Gudbrandsdalsmusea si avdeling Gudbrandsdal krigsminnesamling hadde i 2021 eit aktivt år trass i pandemisituasjonen.

Aktivitet

Sesongen har vore tilnærma normal ved avdelinga og har hatt ope heile sommaren frå 18 juni til 20 august. Likevel har og COVID-19 ramma avdelinga, dei store gruppene samt utanlandske turistar uteblei.

Sjølv om ein mista mange av skulebesøka, bussturistane og utanlandske turistar fekk avdelinga meir besøk frå norske tilreisande. Dette medverka til at ein faktisk nådde eit besøkstal litt over fjoråret.

8. mai var avdelinga med-arrangør for arrangementa i midt-Gudbrandsdalen og deltok på markeringane i Kvam, Sødorp, Hundorp, Venabygd og Ringebu.

Samlingane

Gudbrandsdal krigsminnesamling på Kvam er ei samling der krigshendingane i april dagane 1940 og okkupasjonsåra blir formidla gjennom gjenstandar og tekst. Samlinga inkluderer gjenstandar innlånt frå Forsvarsmuseet, Lillehammer Museum Maihaugen, og frå private. I alt er det 1001 gjenstandar i samlinga. I samlinga inngår og ei utstilling som formidlar hendingane i 1612 og det såkalla skottetotet. I 2020 fekk GM tilbod om å kjøpe ei samling gjenstandar frå Sinclair AS. Etter eit spleiselag der næringslivet bidrog sterkt vart i alt 13 gjenstandar erverva. Desse gjenstandane er no overført til stiftinga Gudbrandsdal krigsminnesamling og skal registrerast samt utstillast i samlinga.

Venneforeininga har vore ein god samarbeidspart når det gjeld registreringsarbeidet og informasjon om dei ein skilde gjenstandane.

Samlingsarbeid

I 2021 har ein fått digitalisert og registrert ein tredjedel av dei gamle avtalane. Dette arbeidet fortsett i 2021. Alle registreringspliktige våpen er no registrert hos POD.

Samlingsansvarleg har i samarbeid med avdelingsleiar følgd opp klimatilhøva og rapporten *Sjekk klima, sikkerhet og oppbevaringsforhold 2019* er revidert 26.11.2021. For å betre klimatilhøva i magasinet er det satt inn ein avfuktar. Dette ser ut til å betre klima og nivåa er no innafor verdiane for oppbevaring av gjenstandane. Papirarkiv bør flyttast til midtdals-arkivet og på lang sikt bli digitalisert..

Registreringsrutinar er gjennomgått av samlingsansvarleg og rapport er utarbeid.

Registrering

I samarbeid med stiftinga Gudbrandsdal krigsminnesamling forvaltar vi gjenstandar som er gjevne som gåve frå privatpersonar og institusjonar/firma, innlånt frå FM, Lillehammer museum-Maihaugen, innlånt/deponert frå privatpersonar.

I 2021 har museet i samarbeid med venneforeininga registrert ein god del av dei nyttilførte gjenstandane, men registrering av Sinclairsamlinga og tilveksten i 2021 står att.

I 2021 starta avdelinga opp eit arbeid for å sjå på moglegheita for eit digitalisering- og skuleformidlingsprosjekt. Dette for å gjera samlinga meir tilgjengeleg, modernisere og betre formidlinga av samlinga.



8 Mai 2021 Kvam.

Bergverkssenteret på Otta

Otta bergverkssenter er samlokalisert med Sel bibliotek avdeling Otta. Med plansjar, foto og ei rekke gjenstandar viser vi driftshistoria innan kleberstein, skiferuttak og Sel koparverk, eit av landets eldste bergverk. Lokaliseringa er gunstig, da besøkjande til biblioteket har lett tilgang til området med utstillinga.

Otta bergverkssenter forvaltar kulturminneområdet Rustgruvene. Dette er ein kultursti som vart etablert av Sel kommune i 2009. Stigen går gjennom området med 1600-talsgruvene etter Sel koparverk. Informasjonstavler fortel om dei ulike objekta ved gruvene. Andre kulturminne etter stigen er veteplass, dyregraver og gamle vegfar. Avdelingsleiar er ansvarleg for skjøtselsplanen for området. Årleg vegetasjonsskjøtsel er utført i 2021.

I tillegg har Otta bergverkssenter eit gjenstandsmagasin i Sel rådhus, Otta. Magasinet er utstyrt med reolar og fotoutstyr og inneheld for det meste gjenstandar knytt til bergverk og industri. Magasinet er universelt utforma med tilgang via rampe og heis.



På veg til feltarbeid på Rauhamran, Dovre

Avdelingsleiar/registrator arbeider med eit dokumentasjonsprogram der minner etter bergverk og steinindustrien blir registrerte og dokumenterte. Registrator har dokumentert fleire lokalitetar i Sel og Dovre i 2021. Han har også vore foredragshaldar på bergverksseminaret «Fjellets skjulte rikdom» på Hjerkinnhus i oktober. Avdelinga er med i nasjonalt nettverk for bergverksmuseum, originale interessegrupper for bergverk. Gudbrandsdalsmusea si avdeling er sterkt inne i verneprogrammet for klebersteinsfabrikken på Sagflaten i Sel. Direktøren sit som styremedlem i Sagflaten SA saman med avdelingsleiar/registrator og bygningsvernrådgjever.

Verneprosjektet har halde fram i 2021, og det er utført eit stort arbeid både ved innleigd hjelp og dugnadsarbeid. Arbeid med finansiering går føre seg fortløpande, og økonomien ved inngangen til 2022 er god.

Sel kommune arbeider med kulturminneplan, og det er gjort kommunalt vedtak på at planen i fyrste omgang skal omfatta bergverk og steinindustri. Gudbrandsdalsmusea fekk ansvaret for å skrive planen, og ein dyktig person på engasjement til dette arbeidet. Avdelingsleiar/registrator har vore fagleg rettleiar i arbeidet som nå er ute på høyring.

SAMLINGSARBEID GJENSTANDSSAMLINGENE

KVA ER GJORT 2021?

1. Alle restanser er registrerte. Hele samlingen er nå registrert.
2. 120 objekt er vurdert omregistrert i 2022.
3. Tilvekst 2020 og 2021 er registrert
4. Nye avtaler/aksjonskvitteringer er skannet og arkiverte.

Einbustugu på Dombås

Har ikkje vore prioritert som besøksmål i 2021. Dette med bakgrunn i erfaringar gjennom dei siste åra, og i forståing med Dovre kommune.

Gardsbutikken på Hundorp/ Tusenårstaden

Norge i 1000 år

Aktivitet

Gardsbutikken / Tusenårsstaden har i 2021 hatt ei lita auke i omsetning i forhold til 2020, men er godt under 2019. Covid-19 hadde og i 2021 ei stor påverknad på aktiviteten på Dale-Gudbrand og da og på publikumsbesøket.

Avdelingane på Dale-Gudbrand var sterkt involvert i Tusenårsfeiringa Hundorp2021 og hadde faste formidlingsdagar gjennom sommaren 2021. I tillegg var alle trinna i småskulen i Sør-Fron innom Tusenårsstaden for skuleformidling der tema var gardens historie og Olav den heilage.

I samarbeid med Ringebru læringscenter tok avdelinga i mot elevar ved læringscenteret for å gi dei ei innføring i kulturarven i midt-dalen.

GM var og sterkt involvert i Vikingdagar på Dale-Gudbrands gard. Vikingdagar er eit DKS opplegg som vart starta opp i 2004 for 6 klasse i Sør-Fron og er no utvida til å vera eit tilbod til alle 6 klasse i Sel, Nord-Fron, Sør-Fron og Ringebru kommunar. Vikingdagar gjennomførast kvart år i september. GM har vore med som ein medaktør sidan 2010.

Samlingar

Avdelingane på Dale-Gudbrand har ikkje samlingar eller gjenstandar.

Utstilling og formidling

I 2021 fekk GM i samarbeid med KHM i stand ei utstilling med gjenstandar frå nærrområde. Gjenstandane vart innlånt frå KHM og utstilt i ein utstillingskontainer på garden. Dette ga ei utfordring på sikning og klima, men det vart godt løyst. Utstillinga vart finansiert frå Hundorp2021.

I samanheng med Hundorp2021 fekk ein og i stand ein formidlingsarena for barn og unge – HIDDEN. HIDDEN er ein formidlingsapp som fortel korleis ein levde på Hundorp i vikingtid gjennom eit barns auge.

Gardsbutikken og Tusenårsted hadde formidlingsansvaret for utstillinga Solrenning, HIDDEN og Tusenårstien. Desse attraksjonane var godt besøkt i 2021 og fekk gode attendemeldingar.



Dølakusker på besøk.

Norsk fjellmuseum i Lom

«Vi fekk til gode digitale foredrag og fekk mange nye fylgjarar i sosiale media»

Dette vart eit godt år for fjellsenteret trass i utfordringar med pandemien. Nordmenn og mange barnefamiliar erstatta utlendingar og bussgrupper i høgsesongen, og vi fekk bra besøk på fjellsenteret frå i slutten av juni og fram til hausten.

Vi er spesielt glade for at mange barnefamiliar nytta seg av utstillingane våre. Totalt vart besøkstalet på senteret lågare, men ei auke i dei som løyste billettar for å sjå utstillinga.



Fjellvikingdagar kvar fredag i høgsesong vart eit nytt godt tilbod for sommarsesongen 2021, to gonger dagleg.

Vi søkte koronamidlar frå Lom kommune, kjøpte inn utstyr, hadde opplæring og laga manus for ein vikingdag tilpassa ungar mellom 4-12/13 år. Etter sesongen evaluerte vi opplegget saman med dei sommartilsette og fekk konstruktive attendemeldingar. Dette kjem til å bli eit tilbod til sommaren 2021 også, med nokre endringar i opplegget.

Utstilling

Den midlertidige utstillinga «Oppdaginga av Jotunfjelda» med Hanne Åmli og geologane Henrik Svendsen og Haakon Fossen vart opna i juni, og ho har vore presentert til nå i januar. Ei spennande utstilling som vart til gjennom eit samarbeid mellom aktørane, der Hanne mala dei geologiske prosessane ved fjellkjededanning og geologane forklarte med tekst og video.

Digitale foredrag

Torsdagsforedraga måtte vi gjere om til dels digitale foredrag og nokre vart avvikla fysisk. Januar gjekk sin gang med skredkveld, i februar hadde vi foredrag om norsk landbruk. I mars måtte vi avlyse foredraget med Ketil Isaksen. I mai avvikla vi to digitale foredrag, eitt med evolusjonsbiologen Hanne N. Støstad om mangfaldet i naturen og arkeologane med foredrag om vikingane sine gløymde ferdselsvegar i fjellet. I juni hadde vi utstillingsopning, og så var vi attende

til digitale foredrag ut året. Eit i oktober med Johanne Refseth og «naturen som lykkepille» og eit i november med Ketil Isaksen, «klimaendringar og utfordringar for fjellturisme og redningsteneste». Vi avslutta det heile med ein digital julekonsert den 22. desember, «kom til fjells – ein høgtsvevande julekonsert», i samarbeid med Sparebank 1 Lom og Skjåk.

Arrangement

Familiedagen 3. oktober la vi til rette slik at dei som kom kunne kjenne seg trygge på fjellsenteret. Vi delte opp i to arrangement med ulike aktivitetar ute og inne. Ein veldig god dag.



Vinterfestivalen «Barske Glæder» vart arrangert for 17. gong i mars 2021. Dette er eit samarbeid mellom fjellmuseet, SNO, Lom fjellstyre, Gudbrandsdalsmusea og Norsk villreinsenter på Hjerkin. Målet er å engasjere alle 5.-klassane i Lom, Skjåk og Vågå. Tema er naturmangfald i tillegg til det enkle friluftslivet. Heile arrangementet vart lagt til Presthaugen.

Elles gjennomfører vi faste opplegg for 1. 2. 3. og 4. klasse der vi tar for oss steinalder, bronsealder og jernalder. I september var vi med på Vikingdagar på Dale-Gudbrands gard som ein av fleire aktørar. Her var alle 6.-klassene frå Sel til Ringebru med på eit to-dagars opplegg i tillegg til ein open marknadsdag.

SAMLINGSFORVALTNING. GJENSTANDSSAMLINGENE

KVA ER GJORT 2021

Revisjon av samlingen, primusdata og alle avtaler. Ferdig registrering av restanser og tilbakelevering av innlån. Levering av Revisjonsrapport.

- a. Påbegynt 01.04.2019: 75% fullført. 01.04.2021 100% fullført
- b. Alle objekt i magasin registreres og tilstandsvurderes: 75% fullført. 01.04.2021 100% fullført
- c. Alle dyr og objekt av organisk materiale frysebehandles: 75% fullført.
- d. Alle objekt i Primus oppdateres: 75% fullført. 01.04.2021 100% fullført
- e. Alle gjeldende avtaler legges inn i Primus: 80% fullført. 01.04.2021 100% fullført
- f. Alle gjeldende avtaler arkiveres: gjenstår. 01.04.2021 100% fullført
- g. Opprette aksjesjoner/ innlån i Primus for alle objekt med tilknyttet juridisk person giver/tildigere eier/deponent: 75%. 01.04. 2021 100% fullført
- h. Sluttrapport utarbeides: . 01.04.2021 100% fullført

Det er opprettet Aksjesjoner i Primus på alle objekt som det ikke er funnet skriftlige avtaler på. For objekt med kjent juridisk person, der status har vært ukjent er det opprettet Lån i Primus. Det blir ikke tatt kontakt til kjente juridiske personer for inngåelse av avtaler ev. tilbakelevering. Ved henvendelser til NFJ kan objektene søkes opp på enten person eller gjenstandsnavn i Primus. De kan også finnes via Aksjesjonsrapportene, som er lagret i dokumentmappene på hhv Primus' og GM's Felles (veiledning se [Registreringsrapport](#)).

Pilegrimssenter Dale-Gudbrand

COVID-19 påverka også året 2021. Aktiviteten og antall vandrar var mindre også i 2021 sett opp mot normalår. Likevel så vi at fleire nordmenn benytta pilegrimsleden på kortare og lengre vandringar i Gudbrandsdalen. Senteret hadde i 2021 stor auke sett opp mot 2020.

Etter at myndighetene opna gradvis opp så kom dei utanlandske gjestene tilbake og etter sommarferien (august) var det stort sett berre utanlandske besøkande på senteret.

Senteret har, som ein del av den nasjonale satsinga, eige mandat gjennom tildelingsbrev frå Nasjonalt pilegrimssenter. Senteret leverer eigen årsrapport, og dette er eit utdrag.

Pilegrimssenter Dale-Gudbrand har arbeidd tett med Nasjonalt pilegrimssenter og kommunane i Gudbrandsdalen for å få realisert servicebu-prosjektet. Erfaringsmessig tar dette tid da kommunalforvaltning og prosjektering er møysommeleg. Spesielt da lokasjon ligg i NLF områder, som gjer at alt er søknadspliktig.

Artistvandringa 2021 med Pål Moddi Knutsen vart ein suksess. I samarbeid med Olavsfest planla og la senteret til rette for at artisten Moddi kunne gå pilegrimsleden gjennom Gudbrandsdalen. Senteret arrangerte i lag med Rudi gard konsert med Moddi, til trampeklapp og stor begeistring.

I tillegg har Pilegrimssenter Dale-Gudbrand i 2021 mellom anna arrangert Pilegrimsledens dag, 3 vandringar med DNT, Olsokvandring i f m Hundorp 2021 og bidratt til planlegging og gjennomføring av 3 gruppeturar i Gudbrandsdalen.

Pilegrimsledens dag var i år starten på Ringebu i tusen år – tusenårsmarkeringen 1021 i Ringebu kommune. Under tusenårsfesten hadde vi direktesending på Facebook der vi gjekk saman med pilegrimmar frå pilegrimssenteret til kyrkja og olsok-gudsteneste.

I 2021 har senteret ivaretatt pilegrimsleden i planarbeidet rundt ny E6 på vestsida av Mjøsa fra kommunegrense mot Gjøvik til Ensby i Øyer samt i reguleringsplanarbeid i Ringebu og Sel kommunar. Dette i tett samarbeid med fylkeskommunen. Årsrapporten er vedlagt årsmeldinga.



Konsert med Moddi på Rudi gard.



Pilegrimsklokka på Dale-Gudbrand

Folkemusikkarkiva

Folkemusikkarkivet for midt- og sør-Gudbrandsdalen

Tom W. Rustad byrja 1. august i 100% stilling ved Folkemusikkarkivet og Midtdalsarkivet på Ringebu. Samstundes vart det undertekna ein samarbeidsavtale mellom Gudbrandsdalsmusea og Ole Bull Akademiet på Voss, der Rustad vert fyrsteamanuensis og lærar for bachelor- og masterstudentane. Det er ein fin symbiotisk modell der arkivkunne og tradisjonsmusikk blir formidla til ein ny generasjon av unge folkemusikkstudentar.

Formidling

Det er særleg tre emner som har famna spesielt breitt i 2021, og det er jubileum, munnharpe og sister.

Det har vore fleire digitale formidlingsinnslag i år grunna Covid, men også fysiske foredrag og konsertar arrangert med dei restriksjonane som krevjast. Av digitale musikkforedrag kan nemnast, gjest i Folkemusikkpodden og NTL (Trekkspillforbundet) om toradarens historie og utvikling i Noreg. Fysisk konsert på Gamle Kleppe med unge folkemusikkelevar, presentasjon av gamle folkemusikkinstrumentar på Jutulheimen, og bokbad med Lars Mytting og Ingar Sletten Kolloen. 2021 var også det store jubileumsåret «Hundorp 2021». I det høve var det både musikkinnslag under opninga av utstillinga «Solrenning», eigen folkemusikkmesse og kveldskonsert i Sør-Fronkyrkja.

Det vart også markering i høve Opplandsarkivet sitt 40-årsjubileum, både i form av foredrag, konsert, og artikkel i jubileumsboka.

Folkemusikkarkivet har merka stor interesse for å lære munnharpetradisjonen frå Gudbrandsdal, og ved fleire høve har det kome innom utøvarar frå Oslo og Romsdal som har ynskt å lære lokale slåttar. I samarbeid med Lom spel og- dansarlag vart det arrangert kurs i munnharpe spesielt for ungdom. Det var 10 ungdomar mellom 10-17 frå Lom og Skjåk som deltok med stor iver og glød.



Tom W. Rustad har munnharpekurs for ungdomar i Lom spel- og dansarlag.

Det har vore masterclass i gudbrandsdalstradisjon på Munnharpefestivalen på Folkemusikkarkivet på Gjøvik. Der var det også arrangert kurs i munnharpesmiing.



Aftenpodden har gjort opptak av tradisjonsmusikk frå Gudbrandsdalen, og da særleg på munnharpe. Musikken blir å høyre på fleire podcastar i tida framover. Arkivet var også invitert til å halde konsert og foredrag for folkemusikkstudentane på Musikkhøgskulen i Oslo.



Folkemusikkpodden ved Anders Lillebo, programleiar og gjest Tom W. Rustad frå Gudbrandsdalsmusea

Innsamling til arkivet

Det er gjort fleire filmopptak av viktige tradisjonsbærarar som Johan Dalseg, Anders Fretheim og Ola Grøslund. Likevel var eit av høgdpunkta da arkivet i samarbeid med Sør-Fron spelmannslag fekk gjere i stand stugua til spelemannen Redvald Fjellhammer (1916-1990). Den hadde stått urøyrd sidan han gjekk bort i 1990, og ga eit eineståande attendeblick av eit rikt spelemannsliv i sær

fattige kår. Stugu er no tilgjengeleg for publikum, og alle papir og opptak forvalta av folkemusikkarkivet.



Medlemmar av Sør-Fron spelmannslag og folkemusikkarkivet rydder ut av Redvaldstugua.

Arkivet har digitalisert ein privat samling med 78-plater. Dei inneheld opptak frå 1904 av revyartist Adolf Østbye og toraderspelarane Jens Larsen og Carl Mathiesen, og er dei fyrste opptaka av durspel i Noreg. Rasmus Stauri har ein særst verdifull samling av folkemusikk og foredrag frå 1950 og framover. Her finn vi også kopi av program som vart sendt i RadioTri, ein nærradiokanal for Midtdalen. Dette er uvurderlege opptak. Målet er at dette stoffet skal kunne brukast i podcastar som kan nå nye lyttarar.

Forsking og vitenskapeleg arbeid

Tom W. Rustad er styremedlem i Norsk Folkemusikklag, og i redaksjonen til «Musikk og Tradisjon» fagtidsskriftet til NFL. Laget er norsk representant i organisasjonen International Council of Traditional Music (ICTM), og tidsskriftet har den høgste faglege akademiske status i Noreg.

Det har vore mykje fokus på langeleik i år. Rasmus Kjørstad har forska på skalastrukturar i gamle langeleikar frå Fron, og Bjørn Aksdal og Elisabeth Kværne har akkurat kome ut med boka om langeleikane i Noreg. Folkemusikkarkivet vore med å bidratt, både med feltarbeid, bileter og historikk.



Langeleik frå Harpefoss.

Gudbrandsdalsmusea fekk i 2021 innvilga midlar frå Kulturrådet til prosjektet «Sisteren, ein gløymt skatt i norsk musikktradisjon». Prosjektet er tredelt, lage nye instrument som vidareutviklar speletekniske moglegheitar, skriftleg dokumentasjon av historikk og konstruksjon, og

lyddokumentasjon. Prosjektet har allereie starta med å velje ut materialar, og utarbeiding av mål til instrumentmodell. Dette er eit samarbeid med folkemusikkarkivar frå Mjøsmuseet, Stein Villa, og instrumentmakar Yngvar Thomassen.



Instrumentmakar Yngvar Thomassen og Stein Villa

Folkemusikkarkivet for Nord-Gudbrandsdalen

Arkivet er ope kvar tysdag, her kan ein høyre på musikk, bla i noter, lese bøker, sjå på bilete eller berre koma innom og få kaffe og ein prat. Vi er heldige som har fleire friviljuge som både digitaliserer lyd og som sit med gamle bilete. Dette er til stor hjelp, da ressursane er knappe.

Alt av manuskript er sendt til digitalisering, gjennom prosjektet til Opplandsarkivet.

Til tross for alle covid-19 retningslinjer har det også dette året kome inn mange instrument, gjenstandar og papir. Dette sett vi stor pris på!

Formidling frå folkemusikkarkiva

I sommar arrangerte arkivet musikk på tunet i Ullinsvin kvar torsdag, noko både lokalbefolkning og turistar sette stor pris på. Kristin var med på diktardagar der songar etter Ola Martinus Høgåsen vart framførte, og formidling av arkivmateriale har vorte gjort på mindre møte og arrangement. Det var også ei kveldsseto i Jutulheimen som tok for seg nytt frå arkivet.



Før jul var det ei skuleklasse som var inne i vårt «studio» for å syngje inn ein julesong.

Fleire nyttar arkiva som viktige kjelder i eigne forskningsarbeid, og vi opplever interesse både frå inn og utland. Ein forskar frå USA var særleg interessert i budeier og det underjordiske. Ho fekk med seg opptak for vidare arbeid, og med tanke på produksjon av radioprogram over there. Notesamlinga vår blir brukt av enkeltutøvarar, spelmannslag og grupper på leit etter utviding av repertoar til bruk både i konsertsamanheng og i samband med cd-produksjon.

Opplandsarkivet – privatarkiv

Ringebu

«Midtdalsarkivet, ein synleg institusjon i sosiale medier»

Arkivet ligg i Innovasjonssenteret i Ringebu over biblioteket og er ope for publikum kvar onsdag og etter avtale. Covid 19 har i liten grad prega den daglege drifta på arkivet. Dei fleste publikummarar har nytta digital kommunikasjon, og kontakta oss på den måten.

Formidling

Hovudfokus for Midtdalsarkivet i 2021 har vore å vera meir synleg i sosiale media, og det har gitt resultat. Vi har hatt over 55.000 treff på våre digitale saker. Det er lagt ut mange gamle bilete og laga korte informasjonsfilmar om ulike arkiv, som til dømes Sigurd Krekke frå Fåvang sitt OL-arkiv, og Rasmus Stauri frå Sør-Fron som fortel om Folkehøgskulen på Hundorp. Eit nytt grep ved Midtdalsarkivet er å lage opne kveldar med kulturhistoriske tema i Innovasjonssenteret, og vi kom i gang med to arrangement hausten 2021. Ein kveld i oktober der Håkon Sveen frå Vinstra som fortalde om «Per Gynt på dø!», og ein flott kveld i november der Kirsti Krekling fortalde og viste «Folkedraktar frå 1750-1950». I følgje Dølen var nettartikkelen om utstillinga av folkedraktar frå Sør-Fron spesielt populær, dei fekk fleire abonnentar takka vera den saka.




Kveldseto med Kirsti Krekling.

Målretta innsamlingsarbeid

Feltarbeid er ein viktig del av arkivjobben, og i år har Midtdalsarkivet vore ute og dokumentert kvinner som fortel om deira yrke. Det har til dømes vore Mari Kleven frå Fåvang, som fortel om arbeid på aldersheim og som heimehjelp. Det har også vore dokumentasjon av handtverkar Jancke Meijer frå Ringebu som syner fram korleis ho reparerer gamle sendekurver av tæger. Vi har dokumentert gamaldags tømmerhogst med hest, presentasjon av kunstverka til Svein Tore Kleppan frå Sør-Fron og danseshow i Vinstrahallen for born og unge ved Loftet Dansestudio.

Takka vera Knut Sveen, tidlegare kultursjef i Nord-Fron kommune, har vi fått arkivet etter fotograf Ragnar Kolås. Han kom opprinneleg frå Sorperoa, men fotograferte over store deler av Midtdalen i heile yrkeskarriera. Arkivet inneheld over 40.000 bilete! Vi har også fått ein fantastisk gåve frå Fron Historielag med uvurderlege gamle bøker, blant anna saga om Sinclair av Krag. Opplandsarkivet fekk midler frå Arkivforbundet til å digitalisere folkemusikknotar, og komposisjonane til Sigurd Berge frå Vinstra. Materialet er no køyrd til Fylkesarkivet på Lillehammer for digitalisering.




Tv. Dokumentasjon av tømmerkøring med hest. Th: Arkivar Oddleiv Ringlund m/ bokgåve frå Ole K. Risdal i Fron Historielag.



Kunstnar Svein T. Kleppan fortel om verka sine, og Nadejda Koriakina ved Fylkesarkivet på Lillehammer tek i mot arkivet etter komponisten Sigurd Berge for digitalisering.

Forsking og publisering

Det vart gjort filmintervju med Per Lillevold som fortel om far sin skulemannen Karl Lillevold frå Venabygd. Opptaket danna grunnlag for artikkel skriva av Rasmus Stauri frå Sør-Fron som står i årets utgåve av «Heimgrenda». Det pågår også eit større dokumentasjonsprosjekt om den tidlege historia om Peer Gynt stemnet og teateret på Gålå. Det er eit omfattande papirarkiv i magasinet, men det er viktig at dette materialet supplerast av dei som hadde ein rolle i denne historia. Dei som er intervjuet før er Reidar Stangenes, Lillehammer, Knut Sveen, Nord-Fron, Kristen Brennhagen, Sør-Fron, Ole Smidesang, Ringeby, og Per Tofte, Oslo. Dokumentasjonsarbeidet vil halde fram dette året, og målet er å skriva ein større artikkel og redigera ein kortfilm neste år.



Skodespelar Per Tofte blir intervjuet om Per Gynt i samband med dokumentasjon av den tidlige historia om Peer Gynt-stemnet. Tofte var den fyrste som spelte hovudrolla i Peer Gynt-teateret på Gålå.


Dombås

Arkivet har hatt vanlege opningstider gjennom heile året, og har på den måten vore lite påverka av covid-19 og restriksjonar knytt til den. Besøkstalet i opningstida til arkivet har vore som i 2020, men langt lågare enn i åra før pandemien. Lokalsamlinga er saman med biblioteket, og det er tydeleg at det er mange som er innom og bruker permene med gamle bilete i biblioteket si opningstid. Desse besøka blir ikkje registrert hjå arkivet.

Året har vore prega av arbeid med ordning og registrering av foto og arkiv. Fyrst på året vart det teke fatt i og rydda i biletmateriale etter «Buboka» for Dovre som kom i 2019. Boka dokumenterer buer i fjellet, og saman med andre bilete som kom inn i løpet av året utgjer det nær 1900 nye bilete. Dei fleste bileta er frå buprojekta frå åra 2015 til 2019 og viser status i dag for buer, burestar og tufter i fjellet.

I samband med 100-års jubileet til Dovrebanen vart det sett opp ei utstilling på biblioteket på Dombås i september/oktober. Hovedfokus var livet til dei som budd og arbeidde ved jernbanen over fjellet. Eit ope møte med foredrag og samtale med fem «tidsvitner» som vaks opp på fjellet på 1950-talet vart dokumentert med opptak av lyd og bilde. Sjølve jubileumstoget 17. september vart og dokumentert.

Det var òg i 2021 eit nært samarbeid med Dovre historielag, fyrst og fremst med boka om gamle butikkar i Dovre som kom ut på slutten av året. Arkivet bidrog med gamle bilete, vegleing og hjelp med oppsett/layout.



Vågå

Arkivet ligg i Ullinsvin og er ope for publikum kvar tysdag. Mange som arbeider med lokalhistorie nyttar dette tilbudet svært aktivt. Dette gjer at arkivet i Vågå er ein levande plass for historiarbeid. Det er stor interesse for vår store «slektsforskarvegg», og mange er engasjerte i å finne fram i slektshistoria.

Auka besøk

Til tross for covid-19-situasjonen har besøkstala gått oppover ved arkivet i Vågå. 480 besøk i år mot 323 i 2020. Det kan vera eit signal på at fleir har fått auga opp for kva vi har i arkiva, og at arkivet kan brukast som en samlingsplass for lokalhistorikarar, forskarar, slektsgranskarar og ikkje minst frivilljuge som vil gjera ein innsats for å digitalisere og vise fram samlingane våre.



Bilete frå arkivet i Ullinsvin. Ljose og trivelege lokale.

Arkiv i eteren

Arkivet er aktivt på facebook og instagram. Her blir det formidla både historier, bilete og aktivitet. Facebook er også ein viktig kanal for å namne gamle bilete. Kwart år har vi ein kveld med «nytt frå arkivet», noko som dei to siste åra har vore ei kveldsseto. Vi har også teke imot besøkjande som har vore ute etter å få høyre meir om si slekt. Dette året har det ikkje vore amerikanarar her pga. Covid-19, men fleir frå heile Noreg har fått viktige opplysningar i arbeidet med slekthistorie. Vi har fleire friviljuge som stiller opp på slikt, heldigvis. Vi har også laga ein eigen fotovegg til stor interesse for besøkjande, og vi får namna fleir bilete.



Innsamling

Etter at det nye magasinet kom på plass i Ullinsvin har fleir og fleir kome med sine private arkiv og gjenstandar. Dette på grunn av at fleir blir klar over kva vi tek i mot og ikkje minst att oss har god plass med stabilt klima og trygg oppbevaring

Skjåk

«Digitalisering av smalfilm og lydband er i gang»

Arbeidet i 2021 har i stor grad gått på det som stod i årsplanen for arkivavdelinga: Ajourføring av avtaler, finordning av arkiv, digitalisering av media, både smalfilm og lyd.

Innsamling og forvaltning

Vi har no ei relativt sett ei god og spesifisert oversikt over film- og lydmedialet i Excel. Her går det fram totalt antal media, kor mykje som er digitalisert, innhald, lengde på opptaka og kvar dei finst i arkivet. Ved ein gjennomgang viser det seg at talmaterialet måtte justerast, men ikkje i den grad som tidlegare år. Det er berre små justeringar som gjeld mindre feil under oppteljinga tidlegare.

Nye arkiv og tillegg av gamle har kome inn. Det er 1 nytt arkiv og 4 tillegg til tidlegare innkomne arkiv. Alle er av mindre omfang. 686 nye bilete er registrerte siste året. Dette er litt færre enn åra før pandemien. Vi veit at det finst mange interessante bilete rundt om i bygda, men det må arbeidst aktivt for å få tak i desse. Biletsamlinga er totalt på ca 32000 foto. Dette talet er i samsvar med måten arkivstatistikken blir gjort på. Sist år har talet på foto i Digitalt museum for vår del auke

med 988. Totalt ligg det ute 8357 foto. Dette arbeidet fører til stadig større etterspørsel etter bilete frå institusjonar og private. Eit vesentleg moment for oss er dei korrigeringsane og tilleggsinformasjon som kjem inn frå dei som ser på bilete på nettet.

Siste året har vi fått digitalisert fleire rullar med 16 mm film frå Skjåk etter tidlegare sokneprest Knut Hol. Dette er materiale frå midten av 1900-talet. Materialet er redigert og splitta opp i ulike tema med utgangspunkt i det digitaliserte råmaterialet. I tillegg har vi fått digitalisert lydband etter Ivar Øygard. Nesten 70 timar er digitalisert ved Nasjonalbiblioteket. Tom Willy Rustad ved Midtdalsarkivet har stått for alt arbeidet for å få dette arbeidet gjennomført. Originalbanda ligg no i avdelinga i Skjåk.

Formidling

Samarbeidet med i Skjåk kommune, biblioteket og lag og organisasjonar heldt fram utan store endringar. Dette gjeld både ved arrangement i den grad det kunne gjennomførast, og ved bruk av sams utsyr og lokalar. Lokalavisa Fjuken er og ein god samarbeidspartnar.

Opplandsarkivet Skjåk vart ikkje så sterkt råka av Koronapandemien som kanskje kunne ventast. Det gav seg likevel utslag på enkelte område: Det som råka hardast også dette året, var at fotogruppa som registrerer innkomne bilete, ikkje kunne møtast så ofte. Nyregistreringar av foto har difor eit etterslep når vi går inn i det nye året. Besøkstalet har og vore litt mindre, men dersom vi tek omsyn til dei besøka som vart borte i og med fråværet av fotogruppa, er besøket stabilt i høve til åra før. Den årvisse Skjåkkalenderen og Kvelds-seto nyttar mykje bilete og stoff frå arkivet.

Det er gjevande at arkivmaterialet kan nyttast til forskning. I 1921 fullførte Mari Sundbye Forberg si masteroppgåve ved NTNU der ho mellom anna nytta arkivmateriale frå vår avdeling. Tittelen er Kvinner, kyr og krise. En undersøkelse av bruk av naturressurser med kvinneperspektiv i Skjåk 1865 – 1920.

Arrangement / Prosjekt

I samarbeid med Skjåk Turlag vart de organisert ein tur over fjellet frå Lesja til Aursjoen i Skjåk den 23. juli i samband med minnet om Heilag-Olav si ferd i dette området i 1021. I tillegg til turen var det omvising i Skjåk kyrkje. Det var ein flokk på 33 personar som deltok.



Eit viktig prosjekt som arkivavdelinga i Skjåk i samarbeid med Skjåk historielag og Dønfoss vel fekk gjennomført, var flyttinga av Fel-Jakup stugu. Stugu og minnestein etter den kjente spelemannen Fel-Jakup står no lett tilgjengeleg i fine omgjevnader ved Bångråttjønnna. Sjølv om avstanden mellom den gamle og nye plassen ikkje er så stor, var det mange involverte. Heile prosessen gjekk knirkefritt takka vera svært dyktige handverkarar, entreprenørar og ein ivrig dugnadsgjeng. Tre, buskar og kratt måtte fjernast før planeringa av området kunne skje.

Slik ho står i dag, er det dagleg god trafikk forbi denne staden.

Bygningsrådsgjevar

Bygningsvern

2021 var noko prega av pandemi og mindre reising mellom gardar og hus enn før, likevel er det om lag 100 unike eigarar frå sør til nord som har spurt og fått råd i 2021. Det er relativt stabil pågang og jamt fordelt over området. Litt auke i Ringebu, Sør-Fron og Nord-Fron på grunn av meir kontakt med landbrukskontoret som forvaltar SMIL-midlar. Gjennom rådgjevingsarbeidet er vi med og sikrar gode løysingar ved mange restaureringsprosjekt, og vi bidreg til at store ressursar blir tildelt regionen både frå Riksantikvaren og Kulturminnefondet. Samarbeid mellom eigar, handverkar og offentlege etatar er nyttig for alle partar.

Vi må også ta vare på det vi har, legge til rette for kommande år og kanskje tenkje ny bruk i våre samlingar av kulturhistoriske bygningar i Gudbrandsdalsmusea, det gjeld å finne ei god balanse mellom bruk og bevaring. Vi har ulike typar hus med ulik grad av verdi.

I 2019 fekk vi eit fjos til samlinga ved Lesja Bygdemuseum, og dette har vi arbeidd med også gjennom året 2021. Sjølve fjøset er oppe på ny mur i gammal utføring. Fjøset har fått eit nytt tilbygg i lengderetninga, dette er ei tilpassing til tunet og til bruk og oppleving av bygget. Gamle teknikkar med enkle verktøy fungerer godt både for å reparere og bygge nytt, men det krev kunnskap. Kunnskap deler vi



med glede i dagleg arbeid, utebesøk og møter ved eit hushjørne.



Fjoset ved Lesja bygdemuseum skal bli klart til bruk i 2022.

Vi er med i eit større samarbeid for å bidra i opplæring av nye innanfor tradisjonelle håndverksfag, det er lyst ut stillingar gjennom Norsk Håndverksinstitutt.

Det blir også gjort ein innsats for å fylle på eigen kunnskap gjennom studier i tradisjonelt bygghandverk ved NTNU.

Sagflaten har fått installert fast straum, lys og moglegheit for oppvarma rom. Saghus og kontor kan brukast til formidling. Dugnadsgjengen har i haust flytta seg over til smia og kassehuset og starta på eit bevaringsarbeid her. Ein del av bygningen er jekka opp frå bakken og har fått ny svill og nye fundament.



Smia på Sagflaten vart jekka opp frå bakken i haust.

På Stueflotten i Lesja har vi også engasjert oss i praktisk restaurering. Dette er eit kulturminne som har vorte høgt prioritert både hjå Kulturminnefondet og hjå fylkeskommunen. Prioritering i Lesja sin kulturminneplan gav ei lokal forankring og underbygging som blir lagt merke til.

Det er jamt stor aktivitet og pågang for alle som driv med praktisk restaureringsarbeid.

Tilbakemeldingar frå Kulturminnefondet er at det er mange gode søknadar frå Innlandet. SMIL-ordninga for kulturminne i landbruket er den mest stabile og greiaste ordninga og forhalda seg til, trass i litt avgrensa midlar. Lokal forvaltning og søknadshandsaming er kanskje litt av årsaka til at ordninga opplevast såpass grei.

Ny bruk og vern gjennom bruk er slagord som det nå blir styrt etter. Istandsetting for ny bruk og gjerne med eit næringspotensial er saker som er mest interessant å støtte økonomisk. Bestillerkompetanse hjå eigar er viktig for å få gjennomført gode prosjekt, og er noko av det vi kan tilføre gjennom tenesta.



Datering av bygningar og prøvetaking. Bildet viser stokkar frå eit stabbur/loft som vi tok prøver frå. Analysene viser at trea har vakse frå ca 1350 til 1585. Bygningen står godt enda.

Det vart teke prøver frå to andre bygg også, desse er ikkje analysert.

Prøver frå eit brukar som ligg delar av året under vatn, let seg ikkje analysere.

Foto: (HS)

Prosjekt Villreinløypa

«Gir verdiskaping og har stor spin-off verdi»

Verdiskapingsprosjektet Villreinløypa har gjennomført ei rekkje aktivitetar i samsvar med prosjektplan i meldingsåret.

Selskapet Nordveggen er innleigd som prosjektleiarar, og det er oppretta tre pilotsatsingar i Lom/Skjåk, Vågå og Lesja. Særleg Vågå-piloten er kome godt i gang med arbeidet, og dei tilbyr pakker i reiselivsmarknaden. Alle pilotprosjekta arbeider med utvikling av heilt konkret næringsmessig nyskaping bygd på det potensialet som ligg i villreinstatusen i Nord-Gudbrandsdal.

Vernestatus og status på raudlista over trua naturmangfald utgjør ei utfordring. Samtidig er det med å gjera dette pilotarbeidet både interessant og viktig nettopp fordi slike hensyn vil bli meir og meir relevante og etterspurte i tida som kjem. Også med tanke på andre naturressursar enn villreinstammene.

I samråd med Norsk Villreinsenter på Hjerkin, Nasjonalparkriket Reiseliv, Nasjonalparkforvaltninga og Norsk Fjellsenter vedtok prosjektstyret å søkje om forlenging av prosjektet. Det er Miljødirektoratet som avgjer dette, og prosjektstyret er ivrige etter å koma vidare i dette arbeidet, som er særleg relevant no ettersom det er bevegelse i søknaden til Unesco som kan føre Villreinen i Sør-Norge inn på lista over Verdensarven.

ORGANISASJONEN



Gudbrandsdalsmusea

Opplandsarkivet avdeling Vågå
Lokalarkiv for Lom, Vågå og Sel
Folkemusikkarkivet for Nord-Gudbrandsdalen

Bygningsvernrådsgjevar
Tilgjengeleg for rådgiving

Opplandsarkivet avdeling Dombås
Lokalarkiv for Dovre og Lesja

Vågå bygdamuseum
Jutulhelmen

Lesja bygdemuseum

Einbustugu

Opplandsarkivet avdeling Skjåk
Lokalarkiv for Skjåk

Norsk fjellsenter

Opplandsarkivet avdeling Lom
Lokalarkiv for Lom

Otta bergverkssenter

Gudbrandsdal
Krigsminnesamling

Lom stavkyrkjesenter

Folkemusikkarkivet
Midt- og Sør-Gudbrandsdalen
(Opplandsarkivet)

Lom bygdamuseum
Fresthaugen

Pilegrimsenter og Dale-Gudbrands gard

Opplandsarkivet avdeling Midtdalsarkivet
Lokalarkiv for Nord-Fron, Sør-Fron og Ringebru

Ringebru stavkyrkjestyling

NO | Velkommen inn!
Besøk ei av våre 17 avdelingar og få ein bit av Gudbrandsdalen sin historie!
Gudbrandsdalsmusea er regionmuseum for ni kommunar i Gudbrandsdalen med Norsk fjellsenter, tre friluftsmuseum, to stavkyrkjestylingar, fleire besøksentre og privatarkivavdelingar frå Ringebru og nordover til Lesja og Skjåk. Kvar avdeling har opningstider for publikum.
Vi ønsker å inspirere deg ved å fortelje om og syne fram musikk, dokument, gjenstandar, reiskap og bygningar som har vore viktige for menneska i dette dalføret.

EN | Welcome!
Visit one of our 17 departments and get a piece of the local history!
Gudbrandsdals Museums consists of The Norwegian Mountain Center, three open-air-musums, to stave church exhibitions, several visitor centers and several private archives from Ringebru in the south to Lesja and Skjåk in the north. Every department is open to the public. Visit our webpage for opening hours and contact information.
Please come in!

DE | Willkommen!
Besuchen Sie eine unserer 17 Abteilungen und lernen Sie lokale Geschichte kennen!
Die Museen von Gudbrandsdalen sind: das Norwegische Bergzentrum, drei Freilichtmuseen, zwei Stabkirchen, mehrere Besucherzentren und eine Reihe privater Archive von Ringebru im Süden über Lesja bis zu Skjåk im Norden. Alle Ausstellungen sind öffentlich. Auf unserer Website finden Sie weitere Informationen über Öffnungszeiten und Ansprechpartner.

www.gudbrandsdalsmusea.no

Gudbrandsdalsmusea AS (GM) er regionmuseum for Gudbrandsdalen med 14 avdelingar og besøkscenter frå Ringebru i sør, til Lesja og Skjåk i nord.

Styret

Det har vore 5 (5) styremøte i 2021 og styret har handsama 36 (37) saker.
Generalforsamling vart halde onsdag 26. mai på Lesja, med 100% frammøte blant eigarane.

Styre i 2021:

Jan R Rasmussen	styreleiar
Signe T. Rolstad	for institusjonseigarar, nestleiar
Cecilie Asp	for Lesja, Dovre og Sel
Endre Skjåk	for Skjåk, Lom og Vågå
Birgitte Bay	for Nord-Fron, Sør-Fron og Ringebru
Trond Ole Haug	for institusjonseigarar
Thea Grobstok Dalen	for dei tilsette



Styret i 2021 (Trond Ole Haug var ikkje til stades)

Nettverk og samarbeid

Gudbrandsdalsmusea har eit godt samarbeid med eigarar og historielag i kommunane vi held til. I samband med vårt arbeid med naturhistorie har vi god kontakt med SNO, Fjellstyret, Villreinsenteret, Nasjonalparkforvaltarar og annan kompetanse innan natur- og kulturarv.

Gudbrandsdalsmusea deltek i følgjande nettverk:

- Museumsforum Innlandet
- Bergverksnett
- Opplandsarkivet
- Nettverk for folkemusikkarkiv
- Krigshistoriske museum
- ICOM
- Det nasjonale pilegrimsforumet
- Green pilgrimage
- Organisasjonen «St Olav ways» – Europeiske kulturveier.
- «ACSOW – Association for the cultural route of St Olav ways»
- «Pilegrimsfellesskapet St Olav».
- Visit Lillehammer
- Nasjonalparkriket Reiseliv
- Midt-Gudbrandsdal Næringsforening.
- Nettverk for bygningsvernrådsgjevarar i Oppland
- Bygningsvernnettverk for tradisjonshandverk og bygningsvern
- Virke sitt nettverk for museumsdirektørar
- Fylkesarkivet
- Nasjonalbiblioteket
- Lokale historielag
- Arkeologisk forum i Lesja og Dovre
- Dovre og Lesja krigsminnesamling
- Medlem i Kvam historiske
- Veneforeiningar
- Kommunar, lag og foreiningar
- Kulturhistorisk museum i Oslo
- Stiftelsen Ringebru prestegard
- Ringebru Rotary
- Nasjonalt kulturlandskapsnettverk
- SNO
- Fjellstyret
- Villreinsenteret,
- Nasjonalparkforvaltarar
- Kompetanse innan natur- og kulturarv
- Gudbrandsdalsmat AS
- Organisasjonen Norsk kulturarv
- Senter for bygdekultur og handverksskulen ved Hjerleid
- Gudbrandsdal historielag

Personal

Gudbrandsdalsmusea har 16 (15) fast tilsette i 2021. Stillingsstørrelse varierer frå 10 til 100%, og museet har ei målsetting om størst mogleg andel heile og faste stillinger. Fleire ulike fagmiljø og ressurspersonar har vore leigd inn på engasjement til ulike prosjekt gjennom året. Det same gjeld oppgåver innan drift- og vedlikehald.



Personaltur til Røros i oktober.

Tilsette i 2021

Stein Grjøtheim	20 %	Opplandsarkivet, Skjåk
Thea Grobstok Dalen	100 %	Fjellmuseet i Lom
Olav Tøfte	100 %	Formidlingsansvarleg, Lom (frå 15. august)
Kristin Akslen Hagen	100%	Jutulheimen og arkivet i Vågå
Eirik Haugen	60%	Jutulheimen og registrering av gjenstandar, Vågå
Ellen S Syse	60%	Lesja Bygdatun
Inger Synnøve Killi	15%	Lesja Bygdetun
Håvard Syse	100 %	Bygningsvernrådgevar, Lesja
Ola Tovmo	50 %	Opplandsarkivet, Dombås
Kjell R. Voldheim	10 %	Industriregistrator, Otta
Søren Hald	100 %	Samlingsansvarleg, Lom
Tom Willy Rustad	50%	Midtdalsarkivet / folkemusikkarkivet, Ringebu (100% frå 1. aug)
Oddleiv Ringlund	60 %	Opplandsarkivet, Ringebu
Jorun Vang	20%	Kommunikasjon og formidling, Toten
Per Gunnar Hagelien	100%	Pilegrimssenteret, Gudbrandsdal Krigsminnesamling, Ringebu Stavkyrkjeutstilling
Øystein Rudi	90%	Direktør, Hundorp

HMS

Gudbrandsdalsmusea er medlem i arbeidsgjevarorganisasjonen Virke og har hovudoverenskomst gjennom dei. Personalhandboka regulerer det daglege for personalet. Museet er medlem i Gudbrandsdal Bedriftshelsetjeneste/Frisk. Vi har i 2021 hatt to inne i praksisplass gjennom NAV i ein periode av året. Museet har verneombod. Arbeidsmiljø og vurdering av tiltak drøftast ved behov. Årlege personalsamtaler vert gjennomført med alle fast tilsette. Museet er medlem i KLP pensjon og har personalforsikringa der.

Som eit stabsbyggande tiltak har vi i haust innført felles digital morgonkaffi ein dag i veka. Der delar vi smått og stort som skjer i avdelingane våre og får attendemelding på prosjekt vi driv med.

Likestilling, inkludering og mangfald

Kjønns- og alders balanse både i styre og mellom dei tilsette er god. I styret er det 4 kvinner og 3 menn.

Universell utforming

Gudbrandsdalsmusea har handlingsplan for tilrettelegging ved behov, og der det er mogleg.

Bygdatuna representerer utfordringar når det gjeld tilgjengelegheit, og dette tek vi omsyn til så godt det let seg gjera.

Vi har i 2021 gjort ei systematisk kartlegging av tilgjengelegheit for publikum ved Presthaugen i Lom. Dette blir følgd opp med praktiske tiltak i 2022. Ein ujamn hellegang i Jutulheimen vart erstatta med fast grusdekke hausten 2020, og dei praktiske erfaringene med dette er gode.

Årsrekneskap

- Lim inn

Balanse 31.12.2021

Lim inn

Styreårsmelding 2021

Lim inn

MUSEUM FOR FRAMTIDA



Container som
utstillingslokale –
spennende prosjekt i
lag med Kulturhistorisk
museum.



Gudbrandsdalsmusea inspirerer nåtid og framtid

www.gudbrandsdalsmusea.no